



Abo Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11980 - 20/37887

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
22.06.2020

Varsel om dokumenttilsyn - VA-anlegg bustadblokk - gbnr 323/585 Frekhaug

Tiltak: VA-anlegg bustadblokk
Byggjestad: Gbnr: 323/585 Løypetona felt3 hus 1
Tiltakshavar: Jm Norge AS
Ansvarleg søkjar: Abo Plan & Arkitektur AS

Alver kommune ønskjer å gjennomføre dokumenttilsyn knytt til prosjektering av utvendig VA-anlegg for Løypetona felt 3 hus 1. Vi vil gjere ei nærare gjennomgang av aktuell dokumentasjon når det gjeld prosjektering og evt. utføring av utvendig VA-anlegg. Tilsynet kjem i etterkant av at det vart oppdaga at spillvatn har vore kopla på ein overvassleidning i området. Spillvatn har dermed vore ført rett til terreng i staden for kobla på kommunal spillvassleidning.

Tilsynet er knytt mot byggesak 16/2412 i gamle Meland kommune, og gjeld Løypetona felt 3, hus 1. Dykk (Abo Plan & Arkitektur AS) står som ansvarleg søkar, mens Miljøconsult AS (980908100) er ansvarleg projekterande for utvendig VA-anlegg.

Ansvarleg utførande for VA-anlegget som ble lagt i samband med første IG, altså igangsettinga av grunnarbeid og VA-anlegg, er Bergen Rørteknikk AS (993231150).

Kva må dykk gjere?

Vi ber dykk sende følgjande dokumentasjon til post@alver.kommune.no:

1. Miljøconsult AS sitt produksjonsunderlag som visar utvendig VA-anlegg mellom bygget og frem til koplingspunktet for eksisterande anlegg i nord-vest, inkludert sjekklister for prosjekteringa.
2. Bergen Rørteknikk AS si rutine for korleis krav i produksjonsunderlaget vert fanga opp, jf. byggesaksforskrifta § 10-1 første ledd.
3. Både Bergen Rørteknikk AS og Miljøconsult AS si oversikt over avvik som føretaket har oppdaga og lukka for det same VA-anlegget, samt utgreiing for å hindre gjentaking.

Alle innsendte dokument skal vere på eit skandinavisk språk.

Frist for innsending av dokumentasjon

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dokumenta må sendast kommunen innan 2 veker frå datoen på dette brevet. Husk å referera til saksnummeret for tilsynssaken (20/11980).

Regelverk for tilsyn

Kommunane skal føre tilsyn med at føresegnene i plan- og bygningslova vert halden, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 25-1 (1). I samsvar med byggesaksforskrifta (SAK10) § 1-3 (1) kan kommunen krevje alle dei opplysningar som er naudsynte for tilsyn.

Har dykk spørsmål om tilsynet?

Dersom noe er uklart, eller dykk har ytterligere spørsmål, kan dykk ta kontakt direkte med saksbehandlar på eirik.berntsen@alver.kommune.no.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til

Bergen Rørteknikk AS	Leirvikflaten 23	5179	GODVIK
Jm Norge AS	Postboks 453	1327	LYSAKER
Miljøconsult AS	Fantoftvegen 44	5072	BERGEN

Mottakarar

Abo Plan & Arkitektur AS	Postboks 291	5203	OS
--------------------------	--------------	------	----